

Vedtekter for Stiftinga Drivkraft

(slik dei er skrive ved oppretting av Stiftinga den 10. juni 2025)

§ 1 Namn

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Drivkraft. Stiftinga sitt forretningskontor er i Førde.

§ 2 Føremål

Stiftinga Drivkraft (også kalla "**Næringsstiftinga**" eller "**Stiftinga**") er oppretta av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og SpareBank 1 Sogn og Fjordane og er ei politisk uavhengig og allmennyttig stifting.

Stiftingas formål er å bidra til at Sogn og Fjordane er ein attraktiv, mangfaldig og levedyktig region gjennom å vere ei drivkraft for generell næringsutvikling i Sogn og Fjordane. Stiftinga har som formål å legge til rette for nyskaping og vekst i regionen gjennom å stille med kapital, kompetanse og nettverk, samt iverksette tiltak og aktivitetar som bidrar til etablering og vidareutvikling av næringsverksemd og lokalt entreprenørskap på generell basis.

§ 3 Stiftingas aktivitetar og verksemd

Stiftinga skal ta initiativ til tiltak og prosjekt innan overordna næringsutvikling og kunne gi gåver og stipend til forskning, utdanning og annan allmennyttig aktivitet i regionen som bidrar til å realisere formålet.

Stiftinga skal kunne iverksette eller støtte næringskonferansar, tiltak for næringsetablering og innovasjon, etablering av gode miljø, arenaer og nettverk for innovasjon og nyskaping i Sogn og Fjordane, samt bidra til utvikling av lokale eller regionale næringsutviklingsstrategiar og støtte til kompetanseheving for forskning og næringsliv.

Stiftinga skal og kunne gjere investeringar i oppstarts- og vekstbedrifter og bidra til omstilling og utvikling av etablert næringsliv. Stiftinga skal kunne etablere og investere i tidlegfasefond og andre investeringsinitiativ. Stiftinga skal som hovudregel investere saman med andre og primært gjennom investeringselskap / fondsstrukturar drivne med i hovudsak felles formål med Næringsstiftinga. Stiftinga skal unntaksvis også kunne investere i enkeltstående selskap, så langt ein antar at dette fremmar formålet og er i samsvar med stiftingas investeringsstrategi.

Stiftinga skal kunne samarbeide med andre organisasjonar og institusjonar i og utanfor Sogn og Fjordane og bidra til auka samhandling med og mellom næringslivsorganisasjonar i regionen.

Stiftinga skal elles drivast etter alminnelege forretningsmessige prinsipp og utøve ei forsvarleg formuesforvaltning. Eventuelt overskot skal nyttast i tråd med Stiftingas formål.

§ 4 Investeringsstrategi

For så vidt gjeld investering i fond og andre investeringsinitiativ eller liknande investeringar skal Stiftinga ha ein investeringsstrategi som gjer greie for overordna prinsipp for investeringar og rammer for drift i samsvar med føremålet. Investeringsstrategien skal baserast på tidlegare erfaringar frå regionale investeringsfond og følgje beste gjeldande praksis.

Bedriftene som det skal investerast i må ha tilknytning til Sogn og Fjordane og drive verksemd i regionen. Investeringsstrategien vert fastsett av styret, etter rådgjevande uttale frå

representantskapet. Ajourføringar vert fastsett på same måte. Strategien skal ajourførast årleg.

§ 5 Representantskap

Stiftinga skal ha eit representantskap, beståande av 3 medlem. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vel eit medlem, SpareBank 1 Sogn og Fjordane vel eit medlem og Vestland fylkeskommune vel eit medlem. Representantskapet sin leiar veljast av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Ved stemmelikskap i representantskapets vedtak skal leiaren si stemme vere avgjerande.

Medlem av representantskapet har ei tenestetid på 2 år. Det er inga avgrensing på tal periodar ein person kan sitje som medlem av representantskapet.

Representantskapet har mynde til følgjande:

- (i) å utpeike og avsetje styremedlem
- (ii) å føre tilsyn og kontroll med stiftinga si verksemd, medrekna etterleving av vedtekter og investeringsstrategi
- (iii) fastsetje honorar til styret og representantskapet
- (iv) å uttala seg rådgjevande til styret ved behov, medrekna ved utarbeiding og endring av stiftinga si investeringsstrategi
- (v) å vedta omdanning av stiftinga etter framlegg frå styret, jf. stiftelsesloven kapittel 6.

Representantskapet skal rapportere til stiftarane om stiftinga si verksemd og kontrollen som vert ført med verksemda.

§ 6 Styret

Stiftinga sitt styre skal vere samansett av 4 til 5 medlem og det skal vere inntil 2 varamedlem. Styremedlemmane si tenestetid er 2 år. Det er inga avgrensing på tal periodar ein person kan sitje som styremedlem. Ved stiftinga si oppstart kan nokon av styremedlemmane veljast for 3 år.

Styret skal ha det mynde og ansvar som følgjer av den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving og desse vedtektene. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av stiftinga si verksemd og fastsette nødvendige retningslinjer for denne.

Styret forvaltar stiftinga sine midlar eller fastset nærare retningslinjer for dette. Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar vert forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål, og at verksemda er i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar, og stiftinga sine vedtekter.

Styret skal leggje fram for representantskapet ei oversikt over kapitalforvaltninga ein gong i året om ikkje representantskapet ynskjer hyppigare orientering.

Styret skal kvart år sørge for utarbeiding av årsrekneskap og årsmelding. Styret skal utarbeide rapportar om stiftinga sine investeringar til representantskapet. Styret vel revisor for stiftinga.

§ 7 Styret si sakshandsaming

Styret skal handsame saker i møte med mindre styreleiar finn at saka kan handsamast skriftleg eller på annan trygg måte. Årsrekneskap og årsmelding skal handsamast i møte. Det skal førast protokoll over styrehandsaminga.

Styreleiar skal syta for handsaming av aktuelle saker som høyrer inn under styret. Styremedlemar kan

krevja at styret handsamar bestemte saker. Styrehandsaming skal varslast på føremålstenleg måte og med rimeleg frist. Styret kan ta avgjerd når meir enn halvparten av medlemmane deltek i styrehandsaminga. Styret kan likevel ikkje ta avgjerd utan at alle styremedlemar, og ved kjent forfall eventuelle varamedlem, så vidt mogeleg er gitt høve til å delta i handsaminga av saka.

Ei avgjerd av styret krev at eit fleirtal av dei styremedlemmane som tek del i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved likt stemmetal gjeld det som styreleiar har stemt for. Er styreleiar ikkje til stades, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

Forslag om omdanning av stiftinga, inkludert endring av vedtektene, jf. stiftelsesloven kapittel 6 krev to tredjedels fleirtal i styret.

§ 8 Kapital

Stiftinga sin grunnkapital er kr 5 000 000 som er overført frå stiftarane ved skiping. Overskytande kapital, på opprettingstidspunktet kr 7 500 000, skal ikkje inngå i grunnkapitalen, men vera tilleggskapital.

§ 9 Disponering av overskot / dekking av underskot

Stiftinga er skipa med eit langsiktig perspektiv og eit ynskje om at investeringane skal bidra til vidare drift. Eventuelt overskot skal difor reinvestierast i samsvar med stiftinga sitt føremål og innan dei rammer som føl av vedtekter og dei til ei kvar tid gjeldande reglar og/eller brukast i samsvar med stiftinga sitt føremål for øvrig.

Underskot, etter styret sine disponeringar, vert dekkja først av fri eigenkapital, deretter av grunnkapitalen. Det skal ikkje på noko tidspunkt utdelast midlar til stiftarane av stiftinga.

10 Inhabilitet

Eit styremedlem må ikkje ta del i handsaming eller avgjerd av spørsmål som har slik særleg betyding for eigen del eller for nokon nærstående, at medlemet må seiast å ha personleg eller økonomisk særinteresse i saka.

Eit styremedlem kan heller ikkje ta del i sakshandsaminga eller avgjerda når vedkomande eller nokon nærstående har stilling eller tillitsverv i ein privat eller offentleg institusjon, organisasjon eller eit føretak som har økonomisk eller anna særinteresse i saka, eller når vedkomande i slik eigenskap tidlegare har teke del i handsaminga av saka.

§ 11 Signatur og representasjon

Styret representerer Stiftinga utad, og Stiftinga vert teikna av styret. Styret kan ved styrevedtak delegere stiftinga sin signatur til ein eller fleire styremedlemmer, aleine eller i fellesskap. Slik fullmakt kan når som helst kallast tilbake. Styret kan og gi anna fullmakt og prokura. Slik fullmakt kan når som helst kallast tilbake.

§ 12 Oppløysning

Ved oppløysing av stiftinga skal kapitalen utdelast i samsvar med stiftinga sitt føremål om å fremja nyskaping og vekst i Sogn og Fjordane. Ved vurderinga av korleis midlane skal delast ut skal det leggjast vekt på om mottakarane av midlane vil kunne bidra til positive ringverknader for øvrig nyskaping, vekst og entreprenørskap i Sogn og Fjordane, til dømes ved at bidrag vert ytt til inkubatortenester, forskning, lærlingplassar eller andre kunnskapsmiljø.

Dersom mogeleg skal utdeling av midlar ved oppløysing av stiftinga skje over noko tid, slik at utdelingane i størst mogeleg grad skjer etter dei føringar som er gitt i føremålet. Avviklingsstyret avgjer korleis midlane skal delast ut. Representantskapet skal verte gjeve høve til å uttala seg om saka før avviklingsstyret gjer sitt vedtak.

* * *